

**Granvin herad**  
**Sakspapir**

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>	<b>Sbh</b>
Formannskapet	02.02.2010	012/10	OTS

<b>Sakshandsamar:</b> Olav Seim	<b>Arkivkode:</b> <b>K1-143</b>	<b>Arkivsaknr:</b> 10/38
------------------------------------	------------------------------------	-----------------------------

**Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet**

Vedtaksmynde: Formannskapet

Dokumentliste:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.: Plan og bygningslova av 27. juni 2008

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

I medhald av plan og bygningslova §§ 11-4 vedtek formannskapet å setja i gang arbeid med rullering av *kommunedelplan for anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet*.

Planen får status som kommunedelplan og skal utarbeidast i samsvar med rettleiar frå Kultur- og kyrkjedepartementet, idrettsavdelinga datert februar 2007.

Formannskapet er plannemnd med skule, ungdomsråd, lag og organisasjonar som viktige medspelarar i planarbeidet.

**02.02.2010 Formannskapet**

**FS-012/10 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke:

I medhald av plan og bygningslova §§ 11-4 vedtek formannskapet å setja i gang arbeid med rullering av *kommunedelplan for anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet*.

Planen får status som kommunedelplan og skal utarbeidast i samsvar med rettleiar frå Kultur- og kyrkjedepartementet, idrettsavdelinga datert februar 2007.

Formannskapet er plannemnd med skule, ungdomsråd, lag og organisasjonar som viktige medspelarar i planarbeidet.

**FAKTA:**

Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet vedteken i heradsstyret den 13 desember i 2006 er no forelda. Dei fleste av tiltaka i planen er også gjennomført.

For lag og organisasjonar som ynskjer søkja om tilskot gjennom ordninga med spelemidlar, er det sett krav om at dei skal vera prioritert i ein godkjend *Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet*.

**VURDERING:**

Lag og organisasjonar i Granvin som i framtida ynskjer søkja om spelemidlar må ha ein godkjend Kommunedelplan å visa til. Ved gjennomgang ser ein at dei fleste tiltaka som i planen er opplista, er gjennomførde. Difor er det tid for å rullera noverande plan.

Ein vil rå til at rulleringa av planen vert gjennomført i nært samarbeid med skulen, ungdomsrådet, lag og organisasjonar i bygda.